

Ordføraren

SO

FINANSDEPARTEMENTET
SAKSNR.: 2002/159-23
ARKIVNR.:

Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep.
0030 OSLO

Sakshands.: Trygve Halvorsen
Tlf.: 52 79 22 31 Faks 52 79 22 75
Vår ref.: 2003003530 A.nr.:
Sak ID: 2003000205 - 3

MEIRVERDIAVGIFTA OG KOMMUNANE - HØYRINGSUTTALE FRÅ SULDAL KOMMUNE

Formannskapet i Suldal drøfta saka i møte 11.03.2003, sak 17/03 og gjorde slikt vedtak:

Suldal kommune ser på dette som ei positiv løysing for kommunane fordi

- Kommunane får i dag att deler av meirverdiavgift på 5 kategoriar tenester, medan dei i den nye ordninga vil få att heile meirverdiavgifta og det vil ikkje være avgrensa til berre nokre typar tenester.
- Oppgjaret til kommunane vil koma mykje tidlegare enn i den kompensasjonsordninga me har i dag. Kompensasjonen kjem nå i mai for heile året før, medan det nå er føreslått oppgjær for 2 månader om gongen. Det vert også føreslått å fjerne den detaljerte oppgåva som skal ligga ved refusjonskravet i dag (tidkrevjande), og heller nyttia ein attestasjon frå revisor på refusjonskravet.
- Ordninga gir større fridom i val av oppgåveløysing.

./. Kopi av innstilling og vedtak ligg ved. Sjølv brevet er også sendt med e-post.

4230 Sand, 18.03.03

Roar Obrestad
ordførar